



Rovviltnemnda i region 1

Vestland, Rogaland og Agder

Rovviltnemnda region 1
Adresseliste

Dykkar ref:
«Ref»

Vår ref.:
2025/7155

Arkivnr.:
433.52

Dato:
02.06.2025

Vedtak om lisensfelling av jerv i rovviltregion 1 for 2025 - 2026

Rovviltnemnda i region 1 vedtok i møte 2. juni 2025 lisensfellingskvote for jerv for perioden 20. august 2025 – 15. februar 2026, jf. sak 08/2025:

Frå rovviltnemnda deltok: Noralv Distad, Hanne Marte Vatnaland, Trude Brosvik, Kine Bratli Dale og Mirell Høyer-Berntsen – vara for Kai Steffen Østensen.

Frå sekretariatet: Hermund Mjelstad.

Saksutgreiinga ligg i protokollen frå møtet.

Framlegg til vedtak

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 20.08.2025 – 15.02.2026. Til saman kan det fellast 8 jervar i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Statsforvaltaren og Statens naturoppsyn. Felt dyr skal synast fram for Statens naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Statsforvaltaren og næraste politimynde. Statsforvaltaren avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Vinjavegen 1, 5745 Aurland
Telefon: 91374976

Noralv.Distad@vlfk.no
<http://www.statsforvaltaren.no/vl>

Rovviltnemnda region 1
<https://prosjekt.fylkesmannen.no/Rovvilt-nemnda-region-1/>

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Telefon 57643124

fmsfhm@fylkesmannen.no

- *Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 24.11.2023).*
- *Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Statsforvaltaren.*
- *Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.*
- *Statsforvaltaren administrerer lisensfellinga*

Endringsforslag

Varamedlem Mirell Høyer-Berntsen la fram slikt endringsforslag til kvote for lisensfelling av jerv: «Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 20.09.2025 – 15.02.2026. Til saman kan det fellast 2 jervar i heile region 1».

Ved avstemming falt forslaget til Mirell Høyer-Berntsen med fire stemmer mot og ei stemme for, og tilrådinga frå sekretariatet vart dermed vedteke mot ei stemme.

Vedtak

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 20.08.2025 – 15.02.2026. Til saman kan det fellast 8 jervar i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- *Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.*
- *Felt dyr skal straks meldast til Statsforvaltaren og Statens naturoppsyn. Felt dyr skal synast fram for Statens naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Statsforvaltaren og næraste politimynde. Statsforvaltaren avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.*
- *Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 24.11.2023).*
- *Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Statsforvaltaren.*
- *Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.*
- *Statsforvaltaren administrerer lisensfellinga*

Klagerett

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klaga skal handsamast av Klima- og miljødepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

Med helsing

Noralv Distad

leiar

Rovviltnemnda region 1

91374976



**Rovviltnemnda i region 1
Vestland, Rogaland og Agder**

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Saksutgreiing